



Even Westervik
Helleneset 55 A
5915 HJELMÅS

Referanser:
Dykker:
Vår: 14/7633 - 14/28563

Saksbehandlar:
Knut Bjørnevoll
KBJ@lindas.kommune.no

Dato:
23.12.2014

Løyve til tiltak - gbnr 202/26 Hjelmås - garasje

Administrativt vedtak. Saknr: 420/14

Med heimeil i plan-og bygningslova § 20-2 vert det gjeve løyve til oppføring av garasje på følgjande vilkår:

- 1 Tiltaket skal utførast etter teikningar mottekne 24.11.2014.
- 2 Ved oppføring av garasjen skal det leggast til rettes slik at kostnad og arbeid med fellesløysingar vert likt fordelt på seksjon 9 og 10 (jf utgreiina nedanfor).
- 3 Tiltakshavar er ansvarleg for at arbeidet vert utført i samsvar med gjeldande lover og forskrifter, (SAK § 12-1, TEK kap10).
- 4 Arbeida må vera sett i gang seinast 3 år etter at søknad om dispensasjon er godkjent, elles fell dispensasjonen og løyvet bort. Det same gjeld dersom arbeida er innstilt i meir enn 2 år, jf pbl § 21-9. Fristane kan ikkje forlengast.
- 5 Tiltaket må ikkje takast i bruk før ferdigattest, eventuelt mellombels bruksløyve er gjeve, jf pbl § 21-10

SAKSUTGREIING

Søknaden

Det er søkt om oppføring av garasje med BYA 25 m², som vist på godkjent situasjonsplan i byggesaka for tomannsbustaden (sak 11/1356), og i samsvar med seksjoneringa av eigedommen. Omsøkte garasje er del av ein felles garasje for seksjon 9 og 10. Bygginga må utførast slik at det ikkje vert unødvendig komplisert når garasjen til seksjon 10 skal oppførast. Dette gjeld takkonstruksjonen, med omsyn til snø og regnvatn, og tilrettelegging for brannsikring mellom seksjonane. Her skal det vera skiljekonstruksjon i EI 30. som også vil omfatta deler av tak og gavlveggar.

Planstatus

Eigedommen ligg innafor regulert område *Hellesneset*.

Klage

Vedtaket kan påklagast til kommunen, jf. Lov om offentleg forvaltning. Klagefristen er 3 veker rekna frå den dagen De mottok vedtaket. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til etaten som har gjort vedtaket. I klagen skal det gå fram kva som vert påklaga (vedtak) og kva endringar De som part ønsker. Klagen skal grunngjenvæst.

Vilkår for å reise sak for domstolane om vedtaket

Partane vert med dette gjort merksam på at søksmål om gildskapen av vedtaket eller krav om erstatning som fylgje av vedtaket, ikkje kan reisast utan at vedkomande part har nytta høve til å klage på vedtaket, og at klagen er avgjort av høgaste klageinstans som står open (fylkesmannen). Søksmål skal likevel i alle tilhøve kunne reisast når det er gått 6 månadar frå klage fyrste gong blei levert, og det ikkje er grunna forsømming frå klagar si side at klageinstansens avgjerd ikkje føreligg jf. forvaltningsloven § 27 b.

Gebyr.

Gebyr for sakshandsaming vert fastsett i samsvar med kommunen sitt gebyrregulativ (2012-satsar). Det vert sendt faktura til tiltakshavar.

10	Søknadspliktige tiltak (Pbl kap. 20)	Sats	Tal	
10..31	Tiltak utan ansvarsrett pbl § 20-2	6.200	1	6.200
	SUM			6.200

Gebyret skal vera betalt innan 30 dagar rekna frå fakturadato og før arbeidet kan settast i gang, jf. pbl § 21-4 (6).

Klage på gebyr

Gebyr for teknisk forvaltningsteneste er fastsett ved forskrift. Det er ikkje høve til å klaga over ei forskrift, jf. forvaltningslova §§ 3, 28 og 40. Det kan difor ikkje klagast over at det vert kravd gebyr, eller over storleiken på gebyret. Det kan klagast over kva punkt i regulativet gebyret er rekna ut i frå. Klage skal grunngjenvæst.

Med helsing

Tor Hegle
einingsleiar

Knut Bjørnevoll
Sakshandsamar

Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:

Even Westervik

Helleneset 55 A 5915

HJELMÅS